



Norges- vassdrags og energidirektorat

Vår ref.
21/12914-17/N-541/JONE

Dykker ref.

Dato:
16.02.2022

Bergdalsvassdraget -uttale i frå Kvam herad

Heradsstyret i Kvam har i HST-sak 010/22 gjort følgjande vedtak

Kvam heradsstyre har følgjande uttale til vilkårsrevisjon for Bergdalsvassdraget og Torfinnvassdraget:

Pkt 1.

Regulering av Hamlagrøvatn:et:

- a. naturleg vasstand 587,7 moh.
- b. vestre del regulert frå 588 til 560 moh.=28 m.
- c. austre del regulert frå 588 til 570 moh.=18 m.

Regulanten må påleggjast å endra manøvreringsreglementet slik at tappinga i Hamlagrøvatn vert avslutta 1. mai, mot 15. mai som i dag, medan tapping startar opp att 1. september som i dag (sommartapping). Dette vil gje ei raskare oppfylling og gje ein vassbank som kan sikra minstevassføring på anadrom strekning og køyring av lokkeflaumar.

Minimum vasstand før tapping om sommaren bør vera 585, mot 584 i dag.

Pkt 2.

Det må krevjast alternative tilkomstløysingar frå parkeringsplassane på nordsida av Hamlagrøvatnet til Søre Hamlagrø og Kyrkjevika, som kan nyttast heile året. (Dette gjeld tilrettelegging for kryssing av elvar langs sørsida av Hamlagrøvatnet og tilrettelegging i området ved Lomatjøn, spesielt i vinterhalvåret. Tilrettelegging må skje i lag med grunneigarar og vel/hytteforening)

Pkt 3.

Botnadalsvassdraget:

Kvam heradsstyre bed NVE pålegge regulanten å sikre at det alltid er vatn i Botnadalsvassdraget, også i tørre periodar. Det må utførast biotopforbetrande tiltak i elveløpet: sikring av tersklar, kulpar, sikre fagleg god skjøtsel av kantvegetasjonen i elveløp som vert påverka av kraftproduksjonen. Erosjon og skader påført som følge av endra vassføring i elva skal også utbetrest.

Kvam heradsstyre ber NVE vurdera moglegheten av å pålegge regulanten vannslepp i Botnaelva i særlig tørre perioder, for å unngå tørrlegging av vassdraget. Ein ber om at det vert vurdert å gjera dette vassleppet frå tunnel mellom Songrø og Kvålsdalen. Eigna stad for dette er tverrslag på overføringstunell, som kjem ut ved det gamle elveløpet.

Pkt 4.

Vurdering av terkslar. Det må utarbeidast ein terskelplan der alle gjeldande terkslar, nye terkslar, steingrupper, kulpar og andre tiltak, vert vurdert etter funksjon og behov. Regulanter må bidra i overvaking av gytefisk, ungfisk, botndyr og vasskjemi.

Kvam heradsstyre ber og spesielt om at vannspeglet for vatnet i Songrø i perioden 1 juni til 30 september vert halde 30 cm over LRV (lågast regulert vannstand) for å førebyggja turrlegging i øverste del av vatnet. Ein ber og om at etter ny tunnel frå Svartavatn til Torfinnsvatnet er sett i drift, vert gjort ny vurdering av vannspeglet i Songrøvatn.

Pkt. 5

HMS og teknisk stand på infrastruktur som tilhører heile konsesjonsområdet.

Kraftproduksjonen skal i størst mogleg grad ikkje gå på kostnad av anna bruk av område til rekreasjon, ferdsel og bruk av utmarksbeite.

Anlegg skal alltid vere i god teknisk stand og HMS-vurderingar gjennomført i høve bruken.

Me peikar konkret på desse områda:

- Terskel ved utløp av Songrøvatnet til tunnelen skal utbetraast
- Tunnelløpet frå overføringstunnelen frå Tjødnadalens til Breisete og Breisete Lomatjødn må sikrast. Usikra DNT-sti over det eine tunnel innløpet må sikrast på ein tilfredsstillande måte for sikker passering. Hendelser ved smalajag i overføringstunnelen Breisete- Lomatjødn med tap av dyr er døme på uakseptabel risiko og därleg dyrevelferd, og sikringstiltak må gjennomførast permanent - fortrinnsvis i samarbeid med næringa.

Pkt.6

Fiskefonda vert vidareført i den nye konsesjonen.

Pkt. 7

Kvam heradsstyre støttar nabokommunane sine uttalar, og ber om at NVE vektlegg uttalane frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar i vidare revisjonsprosess

Oversendinga vert sendt med etterhald om godkjent møteprotokoll.

Helsing

Jon Nedkvitne

Sjef for samfunn, næring og kultur

Telefon: 979 53 274

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Mottakarliste:

Norges- vassdrags og
energidirektorat

Kopi til:

Norges Vassdrags- og Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO
Energidirektorat (nve)

Vedlegg **Tittel**

16.02.2022 Kvam herad - uttale til revisjonsdokument for Bergsdalsvassdraget og
Torfinnvassdraget